



Ørskog sokneråd

Årsrapport for 2021

Visjon:

Meir himmel på jord

Kyrkjelyden er eit ope, deltakande og inkluderande fellesskap der menneske blir utfordra til tru og aktiv teneste.

Medlemar i den norske kyrkja døyper borna sine, og alle born blir inviterte til trusopplæring.

Kyrkjelyden viser omsorg og misjonsengasjement.

Kyrkjelyden deltek aktivt i lokalsamfunnet og fremjar menneskeverdet.

Medlemar i Ørskog sokneråd 2019-2023:

Else Karin Lied/leiar, Lars Tore Nerbøvik/nestleiar, Kristian Fjørtoft, Knut Helge Vestre, Karin Årdal, Sigmund Stene/medlem i Ålesund kyrkjelege fellesråd, Elisabeth Krohn Runde, Øyvin Danielsen og sokneprest Øystein Braaten (ut august -21). Sakshandsamar og sekretær Åsrun Eli Håvik.

Varamedlemar Åse Kristin Farkvam Reite, Eldbjørg Braute, Karen Simonnes Aanes/varamedlem i Ålesund kyrkjelege fellesråd, Aud Marie Gjære, Astrid Hildre.



Tilsette i Ørskog sokn

Staben i Ørskog sokn har i 2021 bestått av, frå venstre: sokneprest Øystein Braaten (ut august 2021), kantor Arne B. Varmedal, diakon Asbjørg Oksavik Sve, kateket Olav Rønneberg, kyrkjetenar Zlatan Miskovic, dagleg leiar Åsrun Eli Håvik, kyrkjetenar Marie Hellevik (frå juli 2021). Heilt til høgre prost Svein Runde i Nordre Sunnmøre prosti (tilsett i Møre bispedøme).

Inger Wenche Lid Vethe har vore vikar på babysong og 6-årsopplegg våren 2021, då Oksavik Sve var engasjert i eit 20% vikariat som diakonirådsgjevar på bispedømekontoret. Vikar i prestetenesta hausten 2021 har vore Vidar Nes Mygland, Asbjørg Oksavik Sve, Olav Rønneberg og andre tenestegjerande prestar i prostiet.

Basarkomiteen v/ Dagfrid Kjelstadli og Ingunn Tenfjord (leiarar), Berit W. Pedersen, Lovise Jacobsen, Astrid Øvstedal, Reidun Aasen, Kristin Tenfjord Dybvik.

Besøkstenesta v/Elsa Rotnes, Dagfrid Kolås Kjelstadli og Brit Skjelten.

Babysong v/Asbjørg Oksavik Sve og vikar for vårhalvåret Inger Wenche Lid Wethe

Kyrkjekaffikomiteén v/Signe Nygård, Brit Skjelten og Aud Marie Gjære.

Kyrkjeverttenesta v/soknerådets medlemmer og varamedlemmer.

Klokkartenesta har ei frivillig turnusordning med Lars Tore Nerbøvik, Øyvinn Danielsen, Svanhild Hegerberg, Ragnar Bakken og Mons Olav og Ester Walgermo.

Dåpsopplæringsutvalet som har ansvar for 4- og 6-årsopplegget: Lise Vindi (leiar), Inger Wenche Lid Vethe, Monica Brandal, Mette Breyholtz og diakon Asbjørg Oksavik Sve.

Familieturen for 5-åringar med familie tek Karin Årdal og Asbjørg Oksavik Sve hand om.

Lys Vaken/Tårnagentkomité v/diakon Asbjørg Oksavik Sve, Ester Walgermo.

Andre råd og utval:

Husstyret/Kyrkjjetorget v/ Stein Pedersen/leiar, Mons-Olav Walgermo/sekretær, Sigmund Stene, Ingeri Madsen, Edvin Nupen og Øyvinn Danielsen.

Butikkutvalet for Bruktbutikken v/Mons Olav Walgermo, Ester Walgermo, Aud Walgermo, Øyvinn Danielsen, Marit Søvik og Brit Skjelten.

Bruktbutikk- og kafékorpsset rekrutterer mange frivillege som fordeler arbeidsoppgåvene i team på laurdagar. Ei gruppe er med på å rydde og prise varer på onsdagar, med ope bruksal også denne dagen.

Gudstenesteutvalet Sokneprest Øystein Braaten, kantor Arne B. Varmedal, Øyvinn Danielsen og Lars Tore Nerbøvik.

Blomsteransvarleg Ingeri Madsen har i 20 år pynta kyrkje og alter så vakkert med blomsteroppsatsar ved gudstenester. Etter denne tenesteperioda som frivillig ynskte ho hausten 2021 å bli takka av. Nils Beite var sokneprest då ho starta denne tenesta. På gudsteneste der han var tenestegjerande som vikarprest, var det han som fekk gje Ingeri blomebukett og boka Kvinner i Bibelen, av Alf Kjetil Walgermo. Soknerådet gler seg over at Ireen Eriksson Sjøholt tek over oppgåva frå januar 2022.

KN-kontakt for Kirkens Nødhjelp og koordinator ved fasteaksjon er Øyvinn Danielsen.

Misjonskontakt og bibelkontakt Kristian Fjørtoft

Kirkens SOS i M&R sin kontaktperson i Ørskog er Ireen Eriksson Sjøholt, Ester Walgermo vara

ØRSKOG KYRKJE



Uttak av kyrkjebenkar

Biskop har godkjent at kyrkjebenkar er teke ut frå kyrkja. Etter avtale med eigar Opplysningsvesenets for (OVF) er det no lagra fire benkar i ledig hus på prestegarden. Biskop gir løyve til ytteligare å ta ut tre (fire) benkar frå kyrkja, mot at dei blir lagra tørt.

Vedlikehald

Det var ei lang frostperiode vinteren 2021 og dette gjorde at det vart frost i vassrør i kyrkja. Tåkesprinkleranlegget fekk ettersyn og dør inn dit anlegget er installert, vart isolert. Det vart montert opp varmovnar i alle rom. Lyskastarar er installert og lyser opp vestinngangen av kyrkja.

Planar for måling av kyrkja

Det står att å måle inngangen/våpenhuset, trappegangane og galleriet. Likeeins må dåps- og prestesakristiet med yttergangar målast. Målingsarbeidet vil bli utført av driftsarbeidar i fellesrådet. Soknerådskomite for utbetring av dåpssakristiet planlegg dugnadsarbeid i kyrkja.

Med i planane for å fullføre målingsarbeidet i kyrkja, er å måle dekor på brystningspanela langs galleria. Preikestol og døypefont står og for tur til å bli opprusta. Budsjettmidlar på 1,5 million kroner til fullføring av måling er blitt skyvd ut i tid og er no tatt vekk. Måling blir løyst innanfor eigne rammer og budsjett til måling i Ørskog kyrkje er redusert til 100 000kr i fellesrådsbudsjettet for 2022. Soknerådet ser fram til 150-årsmarkeringa i 2023 og då helst med ei enno vakrare kyrkje. Med i dei langsiktige planane er å måle golvet og kyrkjebenkane.

KYRKJELYDSHUSET/KYRKJETORGET

Bruktbutikken var stengt i kortare periodar på våren, på grunn av førebyggjande smittevern.

I juni var det dugnad på Kyrkjetoget med vask utvendig, vask av kjøkken, måling av utvendige benkar og planting i dei nye blomsterfata på parkeringsplassen. Det vart installert ny port i lagerhallen i butikken. Varmtvassstank vart også oppgradert. Sjå vedlagt årsmelding for husstyret for 2020-2021.



KYRKJELYDSARBEIDET

Gudstenesteliturgi

Soknerådet gjennomførte årsmøte etter gudsteneste i kyrkja den 2. mai. Tema var ny gudstenesteliturgi. Gudtenesteutvalet hadde i forkant hatt møter om temaet og sokneprest har

informert soknerådet om fullføring av prosessen med ny gudstenesteordning for Den norske kyrkja. På årsmøtet kom det innspel til bruk av Bibelvers etter minning. Soknerådet vedtok å bevare eksisterande liturgi og å bruke Bibelvers frå Johannesevangeliet etter minning. Via prost vart det søkt om dispensasjon til framleis å nytte Overøye sitt kyrie vidare. Bispedømmekontoret godkjente denne dispensasjonen.

Digitale gudstenester

Sokneprestane i Ørskog har i samarbeid med soknepresten i Skodje, Jan Løkkeborg, spelt inn 11 digitale samtalar på Youtube kring søndagen si preiketekst. Andaktene har blitt publisert på nettside og facebook på dei søndagane då det var messefall. I tillegg har det blitt sendt opptak av gudstenester frå 2020: Pasjonsgudsteneste langfredag og julaftangudsteneste.

Gudstenestene

Året 2020 og 2021 vart unntaksår då Noreg vart råka av koronapandemien og kyrkja måtte som samfunnet elles innføre smittevernrestriksjonar. I periodar hadde vi ikkje lov til å halde gudstenester i det heile og elles med sterke restriksjonar. Nedstengingsperiodane var i januar-februar, påske og 17. mai og i tillegg vart kommunen utsett for eit stort utbrot som førde til endå strengare restriksjonar, m.a måtte den årlege friluftsgudsteensta på Tøsse avlysast på kort varsel endå det var avgrensa tal i utgangspunktet.

Gravferd vart gjennomført med avgrensa tal på personar, oftast berre for dei som vart invitert. Det vart også oppretta eigne dåpsgudstenester etter den ordinære gudstenesta, men også her med avgrensa tal for dåpsfølget.

Det vart forretta til saman 27 gudstenester i Ørskog sokn. Med dei sterke smittevernrestriksjonane vi hadde på dei fleste av gudstenestene, er det klart at talet på deltakarar på kvar gudsteneste også gjekk ned. Vi hadde messefall grunna pandemien på 6 gudstenester. Særleg ille synest vi at gudstenestene i påska vart avlyst for andre året på rad. I desember vart ei gudsteneste avlyst grunna mannskapsmangel.



Tårnagentgudsteneste vart flytta utandørs midt i kaldaste vinterstida. Borna hadde litt lettare restruksjonar og fekk vere i kyrkja tårnagentlaurdagen, men måtte feire gudstenesta søndag i delvis solskin og fleire minusgrader på garden til Kristian Fjørtoft på Giskemo.

Friluftsgudstenesta på Liasetra vart gjennomført i juni. Sjå framsidefoto av soknepresten. Kjell Gunnar Overøye deltok på fiolin.

Konfirmasjonane vart flytta til hausten og også trusopplæringsgudstenestane var flytta til perioder med mindre smitte.

Kyrkjelydstur samla nokre, med tur på gangvegen ved Tøsse etter kveldsgudsteneste i sumar.

I august var det avskilsgudsteneste med sokneprest Øystein Braaten, med kyrkjekaffi på kyrkjetorget etterpå. Braaten vart pensjonist frå september. Sjå bilete av soknerådsleiar Else Karin Lied som takkar soknepresten (Foto ved AOS).

I september var det hausttakkefest med utdeling av 4-årsbok der bygdekvinnelaget pynta i kyrkja med blomster, frukt og grønt, og dei har med gode kaker til kyrkjekaffien. Ein stor takk til dei for denne innsatsen.

I oktober vart det ei samling for 50-års konfirmantane på kyrkjetorget etter gudstenesta.

I november var det Helgemesse med minning ved diakon Asbjørg Oksavik Sve der pårørande får spesiell invitasjon til gudstenesta. Kyrkjekaffi er viktig slik at pårørande og andre sørgande kan få stoppe opp og få kontakt med diakon og andre.

I desember vart det igjen gjennomført lysmesse, mot året før då dette måtte gjennomførast som ei lysvandring i kyrkja.

Julaftangudsteneste var ved Olav Rønneberg, kantor Ioana Maria Precup og solist var Amanda Schmidiger Hansen.

Ingeri Madsen har gjort ei særskild teneste ved å pynte med blomster til gudstenestene. Eit frivillig klokarkorps og kyrkjevertar/brannvakter er med som medhjelparar ved alle gudstenestene. Det er i hovudsak soknerådsmedlemene som gjer denne tenesta, men også andre frivillige.

Kyrkjekaffi har vore utelatt ved nær alle gudstenester grunna smittevern., bortsett frå gudstenestene i trusopplæringa og minnegudstenesta. Det har vore i perioder med lite smitte.

Andakter på institusjonar

I alle år har det vore regelmessige andakter på Steinholt busenter og Ørskog sjukeheim, men når pandemien sette inn vart dørene stengde for dei fleste, også for kyrkja sine folk når det gjaldt andakter, med unntak av ei juleandakt var det ikkje fysiske andakter her frå mars 2020 og heilt fram til slutten av september 2021. Diakon eller prest kunne ha avtalte samtalar med einskildpersonar. Trass opplysing om det vart det lite etterspurt.

Diakon Asbjørg Oksavik Sve i samarbeid med kantor Arne B. Varmedal har etter opninga i september hatt andakter begge stader fast annakvar onsdag, og det vert sett stor pris på..

Opa kyrkje

For andre året på rad var det ikkje gudstenester i påska. Det er kyrkja si største høgtid, og mange kjende på sakk om å ikkje få feire Jesu oppstode i kyrkjelyden sitt fellesskap. Vi måtte ty til andre tilbod også denne høgtida. Kyrkja ved staben, gav tilbod om opa kyrkje til gudstenestetidspunkta i påska. Kyrkja var pynta med raude roser på alteret langfredag føremiddag. På påskedag vart lysa igjen tent, blomster sett i vasar og det vart allsong av påskedagssalmar.

Den 22. juli var Ørskog del av nasjonal 10-års minnemarkering for angrepet i regjeringsskvartalet og på Utøya med klokking og opa kyrkje kl. 12.

Julevandring julaftan

For advents- og juletida blei det oppsett eit julekrybbetablå i naturleg størrelse inne i kyrkja framme til venstre for koret. Godt synleg og fint tillaga. Juletreet vart, som kvart år tidlegare, levert av Magne Valbø. Vi takkar for gode tiltak!

Då det i vekene før jul vart redusert frå 200 til 50 personar på julaftangudsteneste, vart det, som året før, igjen aktuelt å arrangere opa kyrkje med julevandring julaftan på føremiddagen. Juleevangeliet var lese av Mons Olav Walgermo. Inger Valbø spelte julemelodiar på orgel og piano. Kyrkjevertar frå soknerådet sytte for smittevern.

Ord for dagen og opningsfest på Sjøholt folkehøgskule

Hausten 2021 opna Sjøholt folkehøgskule på Lande. Soknet set pris på samarbeidet, der diakon har halde ord for dagen og orientert om diakonen sitt arbeid i trusopplæringa og elles om kyrkja sitt arbeid og kateket har gjennomført ei gudsteneste i kyrkja for skulen før jul. Soknet var invitert til opningsfest og omvising der, og diakon og kateket med ektefeller var med på denne markeringa til skulen før jul.

Kyrkjemusikk

Tor Rødseth med band hadde den 17. oktober salmekonsert i kyrkja og gav overskotet på kr 5634 til ungdomsarbeid i kyrkjelyden. Om lag 60 personar møtte opp.

Kulturskulen i Ørskog leige kyrkja den 14. desember til konsert og dette samla om lag 70 personar. Anna planlagt kyrkjekonsert før jul var avlyst.

MISJON

Misjon i kyrkjelydsarbeidet

Ørskog kyrkjelyd har misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap/NMS retta mot Etiopia og England. Det er årleg 3 kyrkjeoffer til desse. I tillegg basarinntekter og tilskot frå Bruktbutikken gjer at det årleg blir gitt i alt kr. 20 000 til misjonsprosjekta. Dette bør vurderast å auke for framtidige år.

Ørskog deltok i aksjonen Saman som kyrkje i heile verda. I solidaritet med våre kristne systre og brør som hadde større lidningar enn oss i pandemien, og også liding på grunn av ufred, fattigdom og forfylgjing ville vi stå saman med dei. Det var misjonsprosjekta våre i NMS som fekk det vi samla inn på Spleis og elles andre ting i aksjonsperioden som var frå Kristi himmelfart og til jonsok. Men den planlagte oppstarten av aksjonen på Kristi himmelfartsdagsgudsteneste på Tøsse uteblei, på grunn av messefall. Konfirmantane hadde tombola og fekk samla inn ein fin sum på konfirmantlaurdagen til aksjonen.

Det er ikkje lenger misjonsforeiningar i tilknytning til kyrkjelyden, Prestegårdens koneforeining/NMS har vore ein del av kyrkjelydsarbeidet i over 100 år med faste samlingar og innsamlingar til misjonen, men i 2020 vart denne lagt ned.

TRUSOPPLÆRING

Soknerådet har ansvaret for at det blir gjennomført trusopplæring for døpte born frå 0-18 år.

Diakon Asbjørg Oksavik Sve har ansvar for alle tiltaka for born i alderen 0-14 år i samarbeid med frivillige team og også hovudansvar for planar og årleg rapportering til Kyrkjerådet.

Kateket Olav Rønneberg har ansvaret for opplegg, gjennomføring og rapportering av konfirmantantarbeidet.

Soknerådet dekkjer ein del av løna til arbeidet og dette er finansiert med kr. 200 000 i tilskot frå Bruktbutikken.

Babysong

Babysong har blitt gjennomført med babysong annakvar veke stort sett heile året, trass korona. Ei periode var det ikkje lov med arrangement, men vi fekk likevel løyve til å treffast utandørs til kaffi, prat og litt song, og dette var i fineversperioden vinter/vår i fjor. Mange finn eit miljø her med felles ting dei er opptekne av. Det er diakon Asbjørg Oksavik Sve som har ansvaret for babysongen. Vårhalvåret var ho innhanka av bispedømet i 20 % stilling til å ta unna oppgåver i diakoni under diakonirådgevar sin barselpermisjon, då vart Inger Wenche Lid Vethe leigd inn som vikar på babysongen.

Babysongen er viktig både reint musikalsk for borna, men også det sosiale for foreldra. Vi legg vekt på det gode samspelet mellom foreldre/born, ei hjelp til foreldra å vere gode omsorgspersonar og å hjelpe dei å vere gode formidlarar av den kristne kulturarven.

4-årstreff

Det er lang tradisjon i kyrkja for desse treffa, og oppmøtet har jamt over vore veldig bra. I år oppdaga vi at berre halvparten av borna i dette kullet var døpte, og fekk oss ein vekkjar på at også her har talet på døpte byrja å gå ned. Vi prøver å nå ut med invitasjonen til foreldre til alle i kullet



uansett, og enn så lenge har vi fått delt ut eller hengt opp oppslag i barnehagane. Vi informerer også gjennom facebook og heimeside.

Diakonen og trufaste medarbeidarar i dåpsopplæringsutvalet har lukkast godt med innhaldet i dei tre kveldssamlingane og påfølgjande gudsteneste. Borna får innblikk i skapinga, dei får høyre om Jesus som ven og nokre av undera han gjorde. Foreldra er deltakande

hjelparar under formings-aktiviteten. Det er tre ettermiddagssamlingar og gudsteneste i kyrkja der dei får utdelt 4-årsbok og får vere med å synge. Hausttakkefest og 4-års bok vart gjennomført på same søndagen i september. Vi var heldige og fekk desse samlingane og gudstenesta i hamn før auka smitte oppstod utover hausten.

Familieturen

«Klatreturen» utandørs med Sakkeus som hovudperson som går ut med invitasjon til 5-åringane med familie gjekk diverre ut dette året, pga. arbeidssituasjonen til diakonen som får ekstraarbeid når vi manglar prest.

Dåpsskule /6-årsbok

Borna i 6-årskullet vart inviterte til to kveldssamlingar og ei gudsteneste. Her fekk dei eine kvelden høyre om Bartimeus og lage seg ein Bartimeusfigur med bind for auga. Dei fekk dramatisere Den miskunnsame samaritan og lære om dåpen. Formingsaktivitet var m.a. å male fine glasmaleri på vindauga på Kyrkjetoget og å lage sommarfuglar å ta med heim. Den andre samlinga var i kyrkja der dei fekk vere med på leikedåp og øve litt på song og prosesjon. Påfølgjande søndag var det gudsteneste i kyrkja der dei deltok med song og fekk utdelt 6-årsboka. Vi rakk det akkurat før landet stengde ned på nytt under pga. koronapandemien. Det var vikar Inger Wenche Lid Wethe som hadde ansvar for 6-årssamlingane denne gongen, og Mons Olav Walgermo var prestevikar på gudstenesta.

Tårnagenthelg for 8-åringar

Andre helga i februar var ei flott gruppe 2. klassingar samla i kyrkja til klatring i det høge tårnet og leiting etter Bibelen og kyrkja sine skattar rundt omkring i kyrkjeromet. Ute på gravplassen var det også mykje å sjå. Gudstenesteverkstad med drama, bønner og øving av ein song til søndagens gudsteneste stod på programmet. Borna fekk også lære om nattverden. Borna skulle få litt lettare restriksjonar enn vaksne, så laurdagen kunne vi vere innadørs. Men søndagens gudsteneste som var open for alle, måtte vi planlegge å ha i friluft. Søndagen kyrkjevert tilbød oss å vere på garden på Giskemo, og det vart ei flott oppleving, godt tilrettelagt av vertskapet, gode medhjelparar og ei annleis tårnagentgudsteneste. Knut Ivar Bøe på trekkspel fekk sitje i gapahuken, i kuldegrader og delvis sol,. Borna hadde med akebrett og ski, og vi fyrte opp fleire bålpanner. Bra med folk, og ei annleis oppleving.

Talet på faste friviljuge medarbeidarar har minka for Tårnagenthelg og Lys Vakenhelg, så det er med spenning vi ser om der er nok foreldre som melder seg som medhjelparar kvar gong. Vi er avhengig av mange ekstra friviljuge på desse to tiltaka.



Lys Vaken helg med 11-åringar

Lysvakenhelga i 2020 vart avlyst, men i 2021 greidde vi å gjennomføre den i november, i god tid før nye innstrammingar kom midt i desember. Vi fekk samla ei stor gruppe 11-åringar i kyrkjeromet, der vi hadde gudstenesteverkstad, deretter refleksløp ute med bibeltektar og aktivitetar og pizza på Kyrkjetoget, før vi gjekk til kyrkja att. Der var det rigging av soveposar og madrasser før filmkveld med snop, og til slutt kveldsbøn. Vi overnatta i kyrkja, og fekk frukost på Kyrkjetoget, før det var klargjering til gudstenesta neste der alle borna deltok med drama, forbønner og song.

Kateket i Koronaens tidsalder, andre år

Konfirmantarbeidet

Også i 2021 vart konfirmasjonen i september, og 11 september vart 17 av dei 18 konfirmantane konfirmert i Ørskog kyrkje. Kateketen leia gudstenesta. Den siste av konfirmantane vart konfirmert i mai i ei vanleg høgmesse. Redusert tal som konfirmantane kunne ta med til kyrkje gjorde at det ikkje vart fullt, men det var ei høgtidleg konfirmasjon.

Elles så vart konfirmantåret prega av restriksjonar på og av, men vart gjennomført med eit utvida tal samlingar, rett og slett fordi konfirmantåret vart lengre.

Nokre ting gjekk ut, slik som overnattingstur, men vi fekk ein dagstur på Ørskog-fjellet. Der var også gjennomført presentasjonsgudsteneste og lysmesse for årets kull, og samtalegudsteneste med fest for siste årskull.



KN aksjonen vart gjennomført digitalt, og det gjekk diverre ut over inntekta til Kirkens Nødhjelp. Nokre aktivitetar var ikkje mogleg å få til, men vi får prøve å ikkje gråte over spilt mjølk.

I Ørskog vart ein konfirmant døypt i løpet av konfirmantåret.

Brev til seg sjølv

Vi rakk også for dei som var russ i fjor å invitere til å få tilbake sitt eige brev, men det vart veldig redusert oppmøte på grunn av særstrenge restriksjonar.

Jule- og påskevandringar

Påskevandringane for andre klasse og førskulegruppa i barnehagane vart avlyste, men julevandringar for første klasse og 4-åringane vart gjennomførte, med alle dei korona-tilpassingar som vi trengte å ta. Fleire av desse tilpassingane var så gode idear at vi tek dei med vidare, dei var med å vitalisere og skape større involvering. Julevandringane er veldig godt mottekne. Skular og barnehagar viste eit veldig ekte og kjekt engasjement rundt vandringane.

Bibelutdeling til 5. klasse

Bibelutdelinga til 5. klasse vart også gjennomført, alle elevane i 5te trinnet fekk kvar sin heile Bibel. Det er gjort ved at skuleklassane kjem til kyrkja, og kateket har ei undervisningsøkt for dei om Bibelen.

Skulegudstenester og barnehagegudstenester

Sjøholt folkehøgskule kom til kyrkja for skulegudsteneste på sin siste skuledag. I 2021 vart det ikkje andre skule- og barnehagegudstenester før jul.

Ymist anna

Kateketen er fellesrådstilsette i Møre sin representant i bispedømerådet og kyrkjemøtet.



ALMENN DIAKONI i det andre koronaåret

Diakonen har utfordring med å få tid til særlege diakonale oppgåver, sidan mykje av stillinga er retta mot trusopplæringsarbeidet. Siste del av året hadde ho «presteansvar» for fleire gudstenester og dåpssamtalar sidan vi mangla prest. Men ho utfører ein del utøvande arbeid mot enkeltpersonar og institusjonar. I koronaåret har dette vore vanskeleg fysisk, så utvida bruk av telefon har vore løysinga. Fyrst i september fekk vi byrje på att med andakter på Ørskog sjukeheim og på Steinholt busenter. Der har diakonen også kontakt med enkelte bebuarar.

Diakonen har sett det som eit diakonalt arbeid å ha ansvaret for Ørskog kyrkje si Facebookgruppe, og brukt ein god del tid på å legge ut informasjon, andakter og anna kyrkjeleg stoff og misjonsstoff. Facebookgruppa er offentleg, og ein kan bli medlem.

Pga. av kommunesamanslåinga og endring av flyktningtenesta er det ikkje like lett å få til samlingar for flyktningane der dei før kunne få telje timar på slike samlingar som del av Introduksjonsprogrammet, og også det at flyktningkonsulentane og vaksenopplæringa er flytta fysisk ut av gamle Ørskog kommune gjer samarbeidet litt meir komplisert enn før. Det er fint å sjå at flyktningar og innvandrarar gjer seg nytte av bruktbutikken både som butikk og sosialt treffpunkt. Men no når koronane er på hell vil vi likevel prøve å få til att nye tiltak for flyktningane.

Diakoniutval

Det har ikkje vore oppretta nytt diakoniutval sidan soknerådsvalet, og diakonen saknar eit utval som kan vere med å arrangere diakonale tiltak, og også i ei tid med revidering av lokal diakoniplan. Dersom det ikkje vert oppretta eit slikt utval er det soknerådet som skal ha denne funksjonen.

Besøkstenesta

Vi har ei lita besøkstenestegruppe som går til einskilte på heimebesøk. Før jul sytte diakonen for juledekorasjonar til Steinholt busenter og Ørskog sjukeheim.

Bruktbutikken og kafé

Opningstid for Brukt'n i 2021 var onsdagar kl. 11-15 og laurdagar kl. 11-15. Det har ikkje vore kafe, kun enkel servering med kaffi. I oktober samla butikkstyret mannskapet til planleggingskveld. Oppstart av kafe på laurdagar er det stor glede over å kunne tilby igjen. Det har blitt kjøpt inn kjøleskapsdisk til porsjonar med kaker.



Salet er godt og det er ikkje uvanleg med 10 000 kr i inntekt per opningsdag. Etter oktober var allereie inntektene på linje med heile årssalet i 2020.

Overskotet blir nytta til kyrkjelydsarbeid, vedlikehald, utbetringar, misjonsavtale og avsetting til disposisjonsfond. Som invitasjon til å få med Skodjebygdarar til butikkdrifta, har del av overskotet på kr 50 000,- gått som gåve til Skodje kyrkjekor. Koret har medlemar også får Ørskog og fungerer som brubyggar mellom dei to sokna. Som del av denne invitasjonen er i tillegg kr 25 000,-

gitt som gåve til Skodje sokneråd, for å avhjelpe ved mindreinntekter i pandemiåret 2020. Det er ikkje slik at det må vere medlemar i koret eller i soknerådet, men butikkstyret ynskjer generelt engasjerte Skodjebygdarar velkomen til butikkdrifta.

Fellesskapskveldar

På hausten var det muleg å gjennomføre fellesskapskveldar, etter avlysingar på våren. I august fortalde Inger Valbø om sine erfaringar med å drive misjon i ein sekularisert kultur. I september vart det salmekveld ved Oddgeir Nossen, som er kantor i Ålesund og Volsdalen. Det vart sydenstemning og vafler då Sjømannskyrkja ved Ole Jakob Risnes kom til kyrkjetorget i november.

Ein fast komite lagar til måltid, ynskjer velkomen og ryddar i etterkant. Dagleg leiar har sytt for omtale og annonsering.

Kyrkjebasaren

Etter eit år utan basar, kunne basarkomiteen igjen arrangere basar siste laurdagen i oktober. Det var song ved SFO-koret og staben sytte for andaktsord. Rømmegrøt, pølser, snop og kaker vart selt, samt tombola, lynlotteri og loddboksal. Det var kjekt igjen å ha fullt hus i storsal, veslesal og i hallen. Inntektene frå basaren på kr 39 391,- går til kyrkjelydsarbeidet.



ADMINISTRASJONEN

Reduksjon i kommunale løyvingar har ført til at Ålesund kyrkjelege fellesråd har redusert sitt budsjett i 2021 og har i 2022 vedteke omorganisering med stillingsreduksjon innan dagleg leing i sokna.

Drift av datasystem vart vinteren 2021 overteke av IKT-avdelinga i kommunen. E-postadresser vart nye: postmottak@kyrkja.alesund.no. Kontoret på Daaeskogen, Langelandsvegen 17, på Moa har sekretærfunksjon, gravferdsforvaltning, personalfunksjon, kyrkje- og kyrkjegardsforvaltning, prost og kyrkjevevje. Prost har også nytta kontor plass på Kyrkjetorget i Ørskog.

SOKNERÅDSARBEIDET 2021:

Soknerådet har i løpet av året hatt 7 soknerådsmøter. Den 2. mai var det soknemøte etter gudstenesta med tema liturgi og årsmøtesaker. I september var nokre frå soknerådet på eit informasjonsmøte om ny kyrkjeleg organisering. Else Karin Lied er soknerådsleiar og Lars Tore Nerbøvik nestleiar.

Saker som har vore handsama: Godkjenning av rekneskap og budsjett, konsertutleige, innspel til kyrkjeleg organisering, innspel til ny organisering i Ålesund kyrkjelege fellesråd, brannrunde, smittevern, godkjenning av gudstenesteplan, tildeling av offerformål, innverknad i utlysing av soknepreststilling. Soknerådet arrangerte fest for konfirmantar med foreldre.

Takkoffer

Soknerådet innvilga i alt 33 offer frå ei søkjarliste på www.kirkekollekt.no. Soknet sin misjonsavtale med NMS gjeld frå 2018 til oktober 2022. Innsamlingsmål er årleg 10 000kr til misjonsprosjekt i Etiopia og kr 10 000 til misjonsprosjekt i England. Overskotet frå brukbutikken har gjort dette mulig, i tillegg til planlagte 3 ofringar til NMS. Offer til eige arbeid vart innvilga med 8 ofringar til kyrkjelydsarbeidet, 5 offer til den lokale trusopplæringa og eit offer til diakoni. På nettsida www.orskog.kyrkjelyd.no og på facebook vart det oppfordra om å støtte offerformål, sjølv om ein ikkje kunne møte opp til gudstenester.

Økonomi

Ørskog sokneråd har forplikta seg på å betale kr. 200 000 for utgiftene til trusopplæringa (diakon og kateket) som ikkje blir dekt av statlege tilskot. Noko av dette vart finansiert av inntekter frå kyrkjebasaren, gjevarteneste, og takkoffer. Resten av beløpet dekkast frå overskotet frå Bruktbutikken. Inntekter frå Kyrkjetorget finansierte, som tidlegare, ei 15% vaktmeisterstilling.

Ålesund kyrkjelege fellesråd leiger lokalet i 2. etasje på Kyrkjetorget til kontor for sokneprest, prost, kateket, dagleg leiar og disponibel kontorplass for dei andre tilsette. Leigeinntekter kjem også frå enkelte minnesamvær og samkomer i storsalen.

Momsrefusjon for 2021 vart tilbakebetalt frå skatteetaten til soknerådet med kr 76 346,-. Kyrkjetorget og Ørskog kyrkje er fritatt frå kommunal eigedomsskatt.

Frå 2021 var det Økonomibistand som utførte rekneskapstenester for soknerådet. Det er elektronisk rekneskap gjennom Visma/duett. Revisor er Møre og Romsdal revisjon SA. Som vedlegg til årsrapporten ligg rekneskap for 2021.

Vi ser på tal og statistikk

Kyrkjeleg årsstatistikk, Ørskog:	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015
Antal gudstenester på søn- og helligdag	27	27	33	33	31	29	33
Talet på frammøtte	1400	1511	3470	3296	2509	2596	3352
Gjennomsnittleg frammøte	52	56	105	100	81	90	102
Gudstenester med nattverd	15	18	32	29	25	23	27
Antal nattverdsgjester i gjennomsnitt	23	28	32	30	24	46	29
Antal medlemmer i kyrkja	1693	1699*	1748	1753	1815	1771	1808
Døypte i Ørskog kyrkje	12	11	15	15	16	18	13
Vigde i Ørskog kyrkje	2	2	2	3	3	5	3
Gravferder	14	19	19	15	22	27	22
Konfirmentar	17	17	25	25	15	28	22
Innmeldte i kyrkja utanom dåp	1	0	0	0	0	0	2
Utmeldte av kyrkja	7	4	3	4	9	1	5

* 2020-2021: kun medlemmer er registrert. Tal med ble både medlemmer og tilhøyrige registrert i 2020 var 1736. Kun medlemmer i 2020 er 1699.

Takk!

Soknerådet rettar ein stor takk til alle dei som jobbar som frivillige i Bruktbutikken og som gjer at kyrkjelydsarbeidet går med eit stort overskot kvart år. Dette gjer at vi kan ha ein romsleg økonomi til mellom anna vedlikehald av huset og andre investeringar, utbetale tilskot til stillingar og til misjonen.

Ørskog, 31.03.2022

Else Karin Lianes, leiar

Åsrun Eli Håvik, dagleg leiar

ÅRSMELDING FOR HUSSTYRET PÅ KYRKJETORGET 2020 og 2021

Medlemmer:

Stein Pedersen – leiar, Øyvind Danielsen – representant frå soknerådet, Ingeri Madsen, Edvin Nupen, Mons-Olav Walgermo – sekretær

Ut frå mandatet skal halvparten av medlemmene i husstyret oppnemnast av Soknerådet kvart år. Det har ikkje vorte følgt opp i 2021 på grunn av coronapandemien. Frå 2020 har Edvin Nupen vorte vald inn i styret og Ester Walgermo har ikkje tatt attval. Styret har derfor hatt eit medlem for lite etter mandatet i åra 2020 og 2021. Desse åra har vore unntaksår med liten aktivitet i husstyret. Det har vore gjennomført nokre investeringstiltak og nokre nødvendige utbetringar i bygget. Elles har representantar frå husstyret hatt tilsyn med bygget og uteområdet.

Mandat

Mandatet ligg vedlagt.

Sjølv om pandemien har lagt ein dempar på aktiviteten på Kyrkjetorget, har husstyret etter eiga oppfatning halde seg til mandatet og følgt det opp i ei vanskeleg tid..

Møte

Husstyret har hatt møtedag tysdagar. I 2020 vart det halde 2 møte og handsama 11 saker. I 2021 vart det også halde 2 møte og handsama 14 saker.

Investeringar:

Utskifting av port med elektrisk drift og dør ved sidan av som også skal fungere som nødutgang.

kr 100 000 inkl. moms

Utelampar på nordveggen

kr 16 316,04 inkl. moms

Dessutan har det vorte skifta eit toalett på WC ved kjøkkenet

kr 4 495 inkl. moms

Skifta varmevasstank og

montert vassmålar på vaskerommet

kr 24 008 inkl. moms

Utgifter til opning av tett avløp i febr.

kr 8 312,50 inkl. moms

Samla utgifter :

kr 153 131,54 inkl. moms

Moms til saman, og som vi får att i 2022:

kr 25 824,66

Netto utgifter på tiltaka

kr 127 306,88

Husstyret meiner at huset er i god og forsvarleg stand. Men nokre nødvendige vedlikehaldstiltak hastar det likevel med å få utført. Det gjeld særleg ein vasslekkasje frå taket/vegg på vestsida av bygget.

Dessutan ser vi det er viktig å montere vedlikehaldsfrie plater på muren rundt huset. Murpussen sprekk opp og løsnar frå lecablokkene. Det medfører skade på blokkene.

Dette er investeringar vi må gjere i 2022. Soknerådet vil få sakene til handsaming på vanleg måte.

Planprogram for Sjøholt sentrum som vedkjem uteområdet vårt, er følgt opp frå vår del. I 2020 vart det sendt ny uttale vedk reguleringsplanen for Sjøholt sentrum og for det som gjeld eigedomen Kyrkjetorget. Underskriven av leiar i soknerådet og leiar i husstyret.

Når det gjeld bruken av Kyrkjetorget desse åra, har det vore gjennomført nokre fellesskapskveldar, trusopplæringstiltak for 4-åringar, for tårnagentane, Lys vaken, konfirmantarbeid, babysong mm. Nokre minnesamvær, barnedåpselskap og private selskap har det også vore innanfor pandemi-

reglane som har vore til eikvar tid.

Bruktbutikken har vore nedstengt fleire periodar når pandemifaren for spreiding har vore stor. Elles har han vore open onsdagar og laurdagar som vanleg – sjølv sagt med klare og strenge reglar for spriting/hanskar, notering av namn og tlf.nr og oppmonding om munnbind når det ikkje har vore pålegg.

Husstyret er glad for at det har vore muleg å investere i viktige tiltak også i 2021. Husstyret og butikkutvalet vil takke soknerådet for velvilje og positiv haldning til desse investeringane. Det har gjort arbeidet for dei frivillige lettare.

Vedlikehald

Når det gjeld faste rutinar for tilsyn og vedlikehald av bygget, viser vi her til årshjulet der det er lista opp tiltak under kvar månad.

Men det er og andre vedlikehaldsoppgåver gjennom året som ikkje står oppført i årshjulet. Det trengst ekstra dugnadshjelp til boning av golv, vask av leiker i leikekroken, rydding av uteområdet osv.

Elles kan det nemnast at vaktmeisteren har slått graset på tomte, frivillige har planta og luka i blomsterbedet sør for bygget og vatna blomsterurnene.

Det er og frivillige som har feia/spylt asfaltplassen om våren, sjekka taket mm.

Sjøholt, januar 2022

Stein Pedersen – leiar

Mons-Olav Walgermo – sekr.

Offermottakarar 2021:

10 Ørskog Sokneråd

Kontoutskrift for hovedbok

Periode: 1 - 12/2021 NOK

Dato: 10.03.2022 14:09

Kontonr Navn

4650 Overf av ofringer/innsaml. midl

År Peri	Bilagsnr	Bilagsdato	Tekst	Ansvar	Debet bokført beløp	Kredit bokført beløp
2021	3		Tidligere saldo		0,00	
2021	3	20000	26.03.2021	Offer Kirkens SOS i More og Romsdal	16	2 314,75
2021	4	20054	13.04.2021	Offer KRIK	16	197,00
2021	4	20056	13.04.2021	Offer Israelmisjonen	16	344,00
2021	5	30016	02.05.2021	HimalPartner	16	2 019,25
2021	5	30025	23.05.2021	NMS misjonsprosjekt	16	1 034,25
2021	7	20104	06.06.2021	KFUK speriarane, Norges KFUK KFUM	16	1 871,50
2021	7	20136	12.06.2021	overført til nms	16	155,00
2021	7	30049	04.07.2021	Mercy Ships	16	788,00
2021	7	20106	09.07.2021	Overført til NMS	16	295,50
2021	8	30044	01.08.2021	Evangeliesenteret	16	2 227,50
2021	8	30050	22.08.2021	Norges kristne student- og skoleungdomslag	16	5 337,75
2021	10	30076	24.10.2021	NSP-Aid	16	4 740,00
2021	11	30085	14.11.2021	Stefanusalliansen	16	2 026,00
2021	12	30097	05.12.2021	NMS misjonsprosjekt	16	3 120,87
2021	12	30095	24.12.2021	Kirkens Nødhjelp	16	3 009,50
2021	12	30096	25.12.2021	Norsk luthersk misjonssamband	16	2 364,00
2021	12		Ny saldo		31 844,87	

Rekneskap for Ørskog sokneråd 2021

Ansvar: 10 Kyrkjelydshus

Kontonr	Tekst	Denne periode regnskap (2021)	Denne periode budsjett (2021)	Denne periode i fjor (2020)
Inntekter				
6100	Betaling fra deltakere	394,00	0,00	0,00
6500	Avgiftspliktig salg av varer og tj	1995,00	35000,00	16693,00
6200	Salg av varer og tj, geb, utenf a.omr	771062,92	700000,00	751572,74
6210	Inntekter akt.arr.kollekter	98,50	0,00	0,00
6300	Husleieinntekter, utleie	84000,00	93000,00	87100,00
	Brukerbetalinger, salg, avg., leieinnt	857550,42	828000,00	855365,74
7700	Refusjon fra andre	2915,00	0,00	0,00
	Refusjoner/overføringer	2915,00	0,00	0,00
7290	Komp. for mva anskaffelser - dr.regn	69342,68	0,00	1331,16
	MVA-kompensasjon	69342,68	0,00	1331,16
8600	Offer/innsamlet til egen virksomhet	2276,00	0,00	0,00
8740	Andre Inntekter	6134,00	0,00	-435,00
	Andre tilskudd, gaver, inns. midler	8410,00	0,00	-435,00
	Sum driftsinntekter	938218,10	828000,00	856261,90
Utgifter				
1000	Kontormateriell	-1188,00	0,00	0,00
1100	Aktivitetsbasert forbruksmateriell	-1989,80	-12000,00	-3150,10
1200	Annet forbruksmateriell	-20578,43	-25000,00	-22036,98
1205	Gaver	-2258,00	-10000,00	0,00
1300	Porto,Banktjemester, Telefon	-15557,65	-20000,00	-15579,43
1400	Annonse, reklame, informasjon	-42625,20	-40000,00	-9812,50
1401	Annonser Bruktbutikken	0,00	0,00	-21778,75
1700	Reiseutgifter og drift av egne transport	-6258,80	0,00	-3214,60
1800	Energi	-52868,97	-78000,00	-54628,93
2650	Vakthold og vektertjenester, alarmsyst.	-4940,46	-7000,00	-5467,87
1950	Avgifter, gebyrer, lisenser o.l.	-10573,91	-15000,00	-759,68
2000	Inventar og utstyr	-86854,50	-95000,00	-20470,34
2400	Serviceavtaler og reparasjoner	-73768,73	-20000,00	-15780,30
2500	Materialer til vedlikehold	-4368,80	0,00	0,00
2700	Konsulenttjenester	-1662,50	0,00	-1548,11
1850	Forsikringer	-27527,00	-27527,00	-26550,00
	Kjøp av varer og tjenester	-353020,75	-349527,00	-200777,59
3400	Refusjon til fellesråd	-150000,00	-100000,00	-80088,96
	Refusjoner/overføringer	-150000,00	-100000,00	-80088,96
4700	Tilskudd/gaver til andre	-83965,75	-90000,00	0,00
4400	Tilskudd/gaver til fellesråd	-86841,00	-70000,00	0,00
	Tilskudd og gaver	-170806,75	-160000,00	0,00
4290	Merverdiavgift på vederlag	-69342,65	0,00	-1331,15
	MVA-kompensasjon	-69342,65	0,00	-1331,15
	Sum driftsutgifter	-743170,15	-609527,00	-282197,70
	Brutto driftsresultat Kyrkjelydshus	-195047,95	218473,00	574064,20

Ansvar: 16 Ørskog sokneråd

Kontonr	Tekst	Denne periode regnskap (2021)	Denne periode budsjett (2021)	Denne periode i fjor (2020)
Inntekter				
6100	Betaling fra deltakere	517,12	36700,00	19076,68
6101	Konfirmanter	31200,00	0,00	0,00
6500	Avgiftspliktig salg av varer og tj	5416,25	0,00	78,60
6200	Salg av varer og tj, geb, utenf a.omr	1583,50	6000,00	294,75
6210	Inntekter akt.arr.kollekter	32645,00	45000,00	0,00
6300	Husleieinntekter, utleie	500,00	5000,00	0,00
	Brukerbetalinger, salg, avg., leieinnt	71861,87	92700,00	19450,03
7300	Refusjon fra kommunen/komm.inst	0,00	0,00	1000,00
7700	Refusjon fra andre	3576,67	0,00	0,00
	Refusjoner/overføringer	3576,67	0,00	1000,00
7290	Komp. for mva anskaffelser - dr.regn	7003,84	0,00	4163,78
	MVA-kompensasjon	7003,84	0,00	4163,78
8000	Tilskudd fra staten/statlige inst	0,00	0,00	20000,00
	Statlige tilskudd	0,00	0,00	20000,00
8300	Tilskudd fra kommunen/komm.tj.yting	0,00	2500,00	0,00
	Rammeoverføring/tilskudd fra egen komm.	0,00	2500,00	0,00
8400	Tilskudd fra fellesråd	3496,50	0,00	109704,00
	Tilskudd fra fellesråd/menighetsråd	3496,50	0,00	109704,00
8600	Offer/innsamlet til egen virksomhet	24843,75	40000,00	23929,77
8650	Offer/innsamlet til annen virksomhet	31844,87	68000,00	35798,39
8651	Fasteaksjon, overføres til andre	0,00	15000,00	0,00
8700	Tilskudd/gaver fra andre	19592,50	19100,00	12963,25
8710	Giverteneste	0,00	0,00	9800,00
8740	Andre Inntekter	2200,00	0,00	2501,26
	Andre tilskudd, gaver, inns. midler	78481,12	142100,00	84992,67
	Sum driftsinntekter	164420,00	237300,00	239310,48
Utgifter				
1000	Kontormateriell	0,00	0,00	-268,00
1100	Aktivitetsbasert forbruksmaterieill	-8781,10	-30000,00	-6015,56
1101	Konfirmantarbeid	-4025,00	0,00	-10240,19
1102	Diakoniarbeid	0,00	0,00	-1099,00
1103	Dåpsopplæring	-1322,07	0,00	-8198,86
1200	Annet forbruksmaterieill	-23045,86	-20500,00	-15167,11
1205	Gaver	-1447,08	-1500,00	-1507,41
1210	Blomster	0,00	0,00	-151,60
1300	Porto,Banktjemester, Telefon	-3279,94	-2500,00	-973,69
1400	Annonse, reklame, informasjon	-4325,20	-5000,00	-1200,00
2650	Vakthold og vekttertjenester, alarmsyst.	0,00	0,00	-1880,10
1950	Avgifter, gebyrer, lisenser o.l.	-3045,00	0,00	-285,00
2000	Inventar og utstyr	0,00	-5000,00	-68259,13
2310	Rep. vedlikehold	-1210,40	0,00	0,00
2700	Konsulentttjenester	-3500,00	-3000,00	-13000,00

2705	Revisjon	0,00	0,00	-19800,00
	Kjøp av varer og tjenester	-53981,65	-67500,00	-148045,65
3400	Refusjon til fellesråd	-50000,00	-100000,00	-200000,00
	Refusjoner/overføringer	-50000,00	-100000,00	-200000,00
4700	Tilskudd/gaver til andre	-23949,36	-15000,00	0,00
4650	Overf av ofringer/innsaml. midl	-31844,87	-68000,00	-38048,64
4651	Fasteaksjonen utbetalt til KN	0,00	0,00	0,00
4400	Tilskudd/gaver til fellesråd	0,00	-1500,00	0,00
	Tilskudd og gaver	-55794,23	-84500,00	-38048,64
4290	Merverdiavgift på vederlag	-7003,78	-1000,00	-4163,78
	MVA-kompensasjon	-7003,78	-1000,00	-4163,78
	Sum driftsutgifter	-166779,66	-253000,00	-390258,07
	Brutto driftsresultat	-2359,66	-15700,00	-150947,59

Sum begge ansvar:

Kontonr	Tekst	Denne periode regnskap (2021)	Denne periode budsjett (2021)	Denne periode i fjor (2020)
9000	Renteinntekter	23,54	650,00	585,45
	Renteinntekter og utbytte	23,54	650,00	585,45
5000	Renteutgifter	0,00	0,00	-0,46
	Renteutgifter og låneomkostninger	0,00	0,00	-0,46
5200	Utlån, kjøp av aksjer og andeler	0,00	0,00	12957,00
	Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l	0,00	0,00	12957,00
	Netto finansinntekter/-utgifter	23,54	650,00	13541,99
		0,00	0,00	0,00
5900	Avskrivninger	0,00	0,00	-80358,00
	Avskrivninger	0,00	0,00	-80358,00
9900	Motpost avskrivninger	0,00	0,00	80358,00
	Motpost avskrivninger	0,00	0,00	80358,00
		0,00	0,00	0,00
	Netto driftsresultat	192711,83	203423,00	436658,60
	Interne finansieringstransaksjoner:			
9300	Bruk av tidligere års regneskapsmessige m	12704,64	0,00	0,00
9500	Bruk av bundne fond	0,00	0,00	48762,19
	Sum bruk av avsetninger	0,00	0,00	48762,19
5300	Dekning av tidl. års regnskapsm. merforb	0,00	-15650,00	0,00
5400	Avsetninger til ubundne fond	-12704,64	-20000,00	-363000,00
5500	Avsetninger til bundne fond	0,00	-183423,00	-109716,15
	Sum avsetninger	0,00	-219073,00	-472716,15
	Regnsk.m. merforbr. (-)/mindreforbr. (+)	192711,83	0,00	12704,64